



Nordhordland Næringspark As  
Sandviksbodene 5  
5035 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5763 - 22/77441

Saksbehandlar:  
Liv Berit Ones  
liv.berit.ones@alver.kommune.no

Dato:  
10.10.2022

## Matrikkelbrev gbnr 212/157 Eikanger Øvre

Viser til oppmålingsforretning den 27.09.2022.

Forretninga gjaldt oppretting av ny matrikkeleining frå gbnr 212/132 der ny matrikkeleining gbnr 212/157 er oppretta i grunnboka.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt er matrikkelbrev for gbnr 212/157, kopi av protokoll for oppmålingsforretning og alle dokument frå kartverket tinglysing.

*Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no) for meir informasjon om matrikkelen.*

**De kan no skriva skøyte på eigedomen.** Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Relevant utdrag av matrikkelbrevet er sendt til aktuelle partar i saka.

Eigedomen er å finna på [www.seeiendom.karverket.no](http://www.seeiendom.karverket.no) og [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56 37 58 80 eller epost [liv.berit.ones@alver.kommune.no](mailto:liv.berit.ones@alver.kommune.no)

### Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikkellova §46](#).

Det kan klagast over heile saksgangen frå varsling til matrikkelføring. Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Liv Berit Ones  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

212-157\_matrikkelbrev  
Protokoll for oppmålingsforretning 212-132 parsell 23  
Tinglyst melding 212-157  
Tinglyst erklæring om rett i fast eiendom 212-157  
Bekreftet grunnbokutskrift 212-132 mfl

**Mottakarar:**

Nordhordland Næringspark As      Sandviksbodene    5035  
5

Bergen